

Gode kollegar!

Siste!

Nyttig info om Dagabygget og dialogmøte med psykiatrisk klinikk

Psykiatrisk klinikk og BUP er "flytta saman" i det nye Dagabygget ved Førde Sentralsjukehus. Dagabygget er tidlegare orientert her om her på PKO sidene. Vi fekk ei omvisning her om dagen og fekk sjå eit moderne og funksjonelt bygg med gamle og nye funksjonar. Bygget vil openbart stå seg lenge! Hverande PKO leiar i Helse Førde var første assistentlege ved den første utgåva av Psykiatrisk klinikk som blei opna i Førde ved Sentralsjukehusbygget i 1990. Dette var då eit moderne og funksjonelt bygg - 30 år er gått og bygget var no utdatert.

Psykiatrisk klinikk og BUP opnar for at fleire kan få omvisning noko som PKO vil tilrå. Å sjå og oppleve bygget og dei som skal samarbeidast med der er svært nyttig for samhandlinga. svein.ove.alisoy@helse-forde.no og hildegunn.knapstad.fauske@helse-forde.no kan i tilfelle kontaktast.

Nyleg hadde også PKO eit digitalt dialogmøte med Psykiatrisk klinikk. Nyttig info og gode innspel som fleire kollegar vil ha nytte av å vite om. Sjå lenke til referat.

[Dialogmøte psykiatrisk klinikk - PKO 22.04.21.pdf](#)

Praksisbesøk overlege/urolog Marius Dalin

Marius Dalin er urolog og overlege ved kirurgisk avdeling i Helse Førde. Han har no i vår overlegepermisjon og i forbindelse med dette har han inviterte seg ut til legekontora i "Fylket" for eit dialogmøte med fastlegane. Mange nyttige tema er drøfta og dei fleste av desse har han oppsummert i eit notat som er lenke til under her. Er det nokon av kontora som enno ikkje har fått avtalt besøk så kan Dalin kontaktast på marius.dalin@mdg.no

[Urologiske tema praksisbesøk overlege-urolog Marius Dalin.pdf](#)

eMeistring - behandlingstilbod gjennom Helse Førde - statusoppdatering

Vi har tidlegare skrive om eMeistring på desse sidene. Klinisk psykolog Ragnhild Lysne ragnhild.marie.stavang.lysne@helse-forde.no som leier tilbodet har laga ein presentasjon som viser mange nyttige detaljer om tilbodet, bl.a. indikasjonsstillingar, metoder og anna info som kan vere

nyttig for tilvisarane. Det er allereie komme ein del tilvisingar til dette tilbodet som har ei ventetid på kun få veker.

[Interundervisning eMeistring.pdf](#)

Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingsidene

- bl.a. referat frå møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

